



DEN NORSKE KIRKE  
Postboks 799 Sentrum  
0106 OSLO

Dato: 07.10.2021  
Vår ref.: 21/04229-5

## Høyringssvar frå Voss herad. Ny kyrkjeleg organisering

Voss herad har ikkje kommentarar og svar på alle spørsmåla som er stilt i høyningsnotatet om ny organisering av kyrkja. Voss herad ved Utval for kultur og næring har handsama saka og kjem med fylgjande høyringssinnspelet:

Kyrkja og kyrkjelyden er både kulturelt og religiøst viktige i eit lokalsamfunn, og dei er viktige samarbeidspartnarar og tenesteleverandørar i kommunane. Voss herad støttar utgangspunktet for ny organisering av kyrkja om at det prinsipielt og praktisk er viktig at dei kyrkjelege tilsette er underlagt same styringslinjer og har same arbeidsgjevar. Grep som er skissert opp i rapporten til Müller-Nilsen utvalet kan vere gode grep for å imøtekoma behovet for samordning.

Men Voss herad meiner kritikken som er reist, mellom anna i «Nytt norsk kirkeblad», er for velgrunna til at det er klokt å gå vidare med utreiinga, før kritikken er drøfta og teke høgd for. Voss herad er uroleg for at dei negative konsekvensane av å flytta makt og mynde vekk frå det lokale fellesrådet ikkje er godt nok teke høgd for i vurderingane av ny organisering. Ei folkekirkje må ha ei god lokal forankring i kyrkjelyden og i kommunen. Voss herad er også uroleg for at dei administrative kostnadane vil auke dersom kyrkja etablerer eit fjerde styringsnivå. I ei tid då alle kommunar arbeider for å skapa handlingsrom og kostnadseffektiv drift som fylgje av stadig vanskelegare økonomiske vilkår og aukande krav og oppgåver, bør kyrkja ha fokus på forenkling og forbetring av eksisterande strukturar, framfor å etablere nye administrative styringsnivå. Den kritikken som er kome knytt til kommunane sin vilje til å finansiera ei kyrkje som er styrt utafor kommunen, er også ein uro Voss herad deler.

Kyrkjelrådet ber i høyringa om grunngjevne innspelet med vurderingar av konsekvensane endringane vil ha på alle nivå og rollar i kyrkje, til saman 48 spørsmål. Ut over dei innspelet som er trekt fram over, ynskjer ikkje Voss herad å kommentera høyringa, men avgrensar seg til å be om at kyrkjelrådet tek inn over seg den kritikken som kjem og om naudsynt starta prosessen på nytt slik at dei organisatoriske endringane som blir gjort samlar kyrkjesamfunnet.

Med vennleg helsing  
Trude Letnes  
Kommunalsjef for kultur og fritid  
Tlf: 41679533



Voss herad

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur